

# Fleire – saman

## Gudstenesteliv i Brynekyrkja

### Revisjon av lokal grunnordning og Visjonsdokument 2020-2023

Gudsteneste for Den norske kyrkja frå 2011, revidert i Kyrkjemøtet 2019, vert innført i Bryne kyrkje frå 1.sundag i advent 2020. Dei første månadane er tenkt til utprøving, særleg med tanke på valg av liturgisk musikk, før årsmøtet uttalar seg og Bryne sokneråd gjer endeleg vedtak om lokal grunnordning i april 2021.

Dette dokumentet er prosessdokument på vegen, slik at stab, gudstenesteutvalg og sokneråd kan gje retning undervegs. Dokumentet byggjer på og reviderer tidlegare grundige vedtak om gudstenestestrategi og lokal grunnordning. Saker å ta særleg stilling til er skrive med rødt. Enkelte endringar er markert med blått.

## I Dette er gudstenesteliv i Brynekyrkja (*tekst på heimesida*)

Vi byr på variert og inspirerande gudstenesteliv som frigjer, utrunder og rører ved menneske, gjennom musikk, aktive deltakarar og forkyning og vitnesbyrd som deler livsnær og åndeleg erfaring.

### Gudsteneste

Brynekyrkja feirar gudsteneste kvar sundag. Gudstenesta har ei form som er fast nok til å gje kvilerytme og variert nok til å ta dagen og livet på pulsen. I eit vakkert kyrkjerom skal gudsteneste i Brynekyrkja vera eit ekte møte mellom himmel og jord, for barn, unge, vaksne og eldre, om ein går ofte eller sjeldnare i kyrkja. [Sjå visjonsdokument her...](#)

### Litt konkret om våre gudstenester:

- Gudsteneste startar normalt kl.11. Unntak er kveldsgudstenesta kl.19 ein sundag i månaden og sommarferienida kl.10.30.
- Om lag 2 gudstenester i månaden har dåp, 3 har nattverd, slik at 1 har begge deler.
- Det er bønnesamling i kjellaren før gudstenesta, kl.10.30
- Det er som regel enkel kyrkjekaffi og tid for sosial drøs i kyrkjeromet etter gudstenesta
- Det er god deltakarkultur og rom for fleire som ønskjer å delta med oppgåver og tenester. Meld gjerne interesse. Det fins faste oppgåver å gå inn i, og vi har 3 gudstenestegrupper som vekslar på å planleggja og gjennomføra ei gudsteneste i månaden. [Gruppene er opne – med plass til fleire.](#)
- Brynekyrkja har god orgelklang, salmesang og ulike musikalske uttrykk gjennom mange deltakarar. Vi likar godt når folk melder at dei har lyst til å spela, syngja eller vera forsangar – eller det har skjedd noko i livet som kan delast, takkast for eller bli bedd for.

- Dei fleste gudstenester har opplegg for born, anten eigen sundagsskule (Jungelgjengen) etter besøk av kyrkjeløva, eller film eller leikekrok og teiknesaker.

**Velkommen til sundagsfeiring i kyrkja! Velkommen til å «eiga» gudstenesta som medarbeidar!**

### **Gudstenester med familiefokus**

Barn og unge høyrer til i kyrkja. Difor har vi eit breitt tilbod for denne gruppa. Vi har Familiefokus og [gudstenester for store og små](#) i Brynekyrkja.

#### **Familiefokus i Bryne kyrkje**

- Ein søndag i månaden.

På Familiefokus er det fleire barn enn vaksne som er i sving når vi feirar gudsteneste. Det liker vi.

Vi ønskjer at barna skal få vera deltakande og involvert i gudstenesta. Vi ønskjer at det skal vera deira gudsteneste. Tysdagen før vi har Familiefokus, er det ei eiga gudstenestegruppe for barn som møtast i kyrkja kl.13-15 for å planlegga gudstenesta. Dette kallar vi for "Familiefokus etter skuletid"

**ADVARSEL: Fare for at vaksne også liker gudstenesta veldig godt!**

#### **Gudstenester for store og små i Bryne kyrkje**

- Ein søndag i månaden, [om lag i 2-vekesrytme med Familiefokus](#). Dette er gudstenester som kan vera knytta opp til eit trusopplæringstiltak, så som Tårnagenthelg, dåpsskulen, Lys Vaken. [Eller det er gudstenester som gudstenestegruppe \(3\) med unge vaksne står bak.](#) [Desse er oftast med lovsangsteam og sundagsskule \(Jungelgjeng\)](#)

#### **Kveldsgudsteneste**

Søndag kl.19. Eit tema i tida. Ein god føredragshaldar. Ekstra musikarar. Nattverd der folk vandrar til stasjonar med kreative tekstar, symbolhandlingar og bønner. Noko som har kome for å bli.

Gudstenesteutvalet i Brynekyrkja har gjennom mange år skapt ei gudstenesteform som mange er veldig glad i – og andre finn det lett å koma til.

Kveldsgudsteneste har ein undervisande profil, gjerne utradisjonelle føredragshaldarar om aktuelt i tida. Dei siste åra har ein hatt semestervise tema som gjer at kveldar utfyller kvarandre. Bønnevandringane er vakre – og dei musikalske uttrykka har stor breidde.

Ei gudstenestefeiring som utvidar perspektiv på ein tradisjonsrik og eksperimenterande måte.

#### **Sundagstreff**

Ein sundagskveld i månaden avsluttast Sundagstreffet (som byrjar i peisestova kl. 18.00) med ei enkel gudsteneste kl. 19.00 i kyrkjesalen. Denne gudstenesta er tilrettelagt for menneske med utviklingshemming gjennom at fleire av dei liturgiske ledda er forenkla, mellom anna med at dei er bytta ut med songar med same innhald.

Sundagstreffet består alltid av to bolkar. Først har ein ei bolke med litt song, ringleik, drøs og mat nede i peisestova frå kl. 18-19, før alle går opp i kyrkjesalen for å feira gudsteneste i lag. Sjølv om arrangementet er spesielt tilrettelagt for menneske med utviklingshemming, er sjølv sagt alle som har lyst, hjarteleg velkomne til å koma. Enten på heile arrangementet, eller bare på den forenkla gudstenesta som byrjar kl. 19.00.

## II Dette er måla våre

### Mål:

Brynekyrkja ønskjer å **styrkja gudstenesta som hovudsamling** slik at alle kan kjenna seg heime i gudstenesta.

Delmål: Gudstenesta skal vera hovudsamlinga for å uttrykkja og utvikla Brynekyrkja sin visjon. På sundagen får vi

- søkja Gud og ta imot nåden i Guds opne famn (oppover),
- oppleva inkluderande fellesskap med kvarandre (innover),
- tena kvarandre og få kraft til teneste i kvardagen, ut i byen og verda (utover)

### Verdiar:

Gudstenesteliv i Bryne kyrkje skal byggja på **kjerneverdiane** for hovudgudsteneste i Den norske kyrkja: Lokal forankring, involverande deltaking, fleksibel og gjenkjennande form.

Meir om verdiane våre:

- Gudstenesta skal ha **lokal forankring** og høyra saman med den universelle kyrkja. Lokale ressursar, folkementalitet, nådegåver, trushistorie og kyrkjerommet sin karakter skal få prega gudstenesta
- Gudstenestelivet skal vera **fleksibelt**, med variert gudstenesteprogram og raust handlingsrom for innslag som tek dagen og tema på pulsen. Samtidig skal gudstenesta vera grunnleggjande trygg og **gjenkjenneleg** i form og struktur. Vi vil framelska gjenkjenninga si glede!
- Gudstenesta skal vera prega av **involverande** deltaking

### III Årsplanane våre

På grunnlag av planane under utarbeidar soknepresten forslag til semesterplan, som så vert fastsett i stabsmøte og samordna mellom gudstenestegruppene.

Semesterplanen innarbeidar ulike typar gudstenester, trusopplæringsprogrammet, arbeid med å nå ulike målgrupper og fastset fordeling av dåp og nattverd og Jungeljeng.

#### Gudstenester for store og små (Gfss):

Målgruppe/type/profil	Tidspunkt /dag	Ansvar / aktuelt samarbeid
Familiefokus eller Gfss m. tårnagentar	Januar eller tidleg febr	Trusopplæringsstaben / (FF)
"Bankers"- og Søndagstreff-gudst	Kvart tredje semester, Febr/mars eller nov/des	Bankers og Søndagstreff
«Barnas påske» - avsl «Førsteklasses»	Sundag før palmesund	Trusopplæringsstaben
Konfirmasjon	Siste lørd/sund i april + 1 lørd/sund i mai	Kateket/prest/kyrkjelydsped
Kyrkjelydsweekend	Sein vår eller tidl haust	Komite
4-årsbok (1 gudst pr sem)	Apr/Mai + nov/sein okt	Prest/trusopplærer/Jungelkor
Speidargudst / kyrkjelydstur?	Av og til i juni	I Brekko om speidaren vil
Presentasjon av konfirmantar	September, 2 sundagar	Kateket/prest/kyrkjelydsped
Haustattakkefest m misjonstivoli	September / oktober	Kateket/prest/kyrkjelydsutv
5.kl./ LysVåken / speidargudst	Lysmesse advent	Trusoppl.stab + speidarane
2 julegudstenester	Julaften	
Familiefokus(FF) (omlag 4.sund i mnd)	Kvar 4.veke haust/vår	Kyrkjelydsutviklar
Gudstenester for store og små	Ca. 2-vekesrytme m. FF	Gudstgruppe 3. Lovsangsteam

#### Andre gudstenester med særleg målgruppe/profil:

Målgruppe/type/profil	Tidspunkt /dag	Ansvar / samarbeid
Kveldsgudstenester	Normalt 4. søndag i mnd, med Familiefokus kl.11	Gudst.utvalget/Eigen komite
Bibeldag. Økumenisk?	Januar/februar (enkelte år)	Bibelkontakt/prest
Eldres kyrkjesundag	Febr/mars annakvart år	Diakon og diakoniutvalg
Årsmøte	Mars /april	Soknerådet. Middag
Konfirmantdeltaking	6 – 8 gudst (enkelte tilrådd)	Prest og kateket
Påskennatt i Time kyrkje	Påskennatt kl.23	Ungdomsarbeid i Time
Bønn for land og folk	17.mai 08.30	
Skaparverkets dag	Haustattakkefest. Brekko?	
"Kulturdagar i byen"	Jærdagen og Potetfestival	
Økumenisk fellesgudsteneste	Jærdagsscenen siste sundag i mai	
Skriftemålgudsteneste	Enkelte år på Bots- og bønndag	
Forfulgtes søndag	(2.s. i ) november ca 2.kvar år	
Solidaritet/Menneskerett	2.sundag i advent ca 2.kvar år	Diakoniutv/konfirmantar
Adventsmesse	Av og til i advent	Jærklang og barnekor
Midnattsmesse	Nyttårsaften kl.23.15	
Sundagstreff	1 gong i mnd kl.19	Diakon

## IV Medarbeidarordningane våre

Brynekyrkja ønskjer å ha ein **aktiv deltakarkultur som frigjer, utrunder og rører ved** alle som er i kyrkja. Deltakarkulturen er

- **Dialogisk/samhandlande**, for å gjera kyrkjelyden aktiv i song og veksellesing
- **Praktisk**, for å fordela gudstenesteoppgåver på mange hender
- **Representativ**, slik at gudstenestedeltakarar kan identifisera seg med dei som står fram med funksjonar og oppgåver i gudstenesta.

### Slik er medarbeidarordningane våre:

#### A. **Fast stab:**

Prest, organist, kyrkjetenar og klokkar til **forordna gudstenester**

[Høgtider, konfirmasjon og ferie](#) har lønna klokkar, resten er fordelt på 3-4 ulønna.

Kyrkjelydsutviklar og utvalg organiserer **Familiefokus**

#### B. **Tenestegrupper** med ansvarleg leiar som rullerer ordning/personar/lister:

- Jungelgjengen. Ansvar: Ulønna leiar i samarbeid med trusopplærar

- Kyrkjevertar. Ansvar: Ulønna

- Kyrkjekaffi. Ansvar: Ulønna

#### C. **Tenestefunksjonar** oppnemnt og organisert/rullert av soknerådet v/sekretær

- Nattverdutdelarar

- Økonomi/takkoffer-ansvarlege

- Pynteansvarlege

- Dåpsvertar

#### D. **Musikk.**

Organist og gudstenesteutval spør kor, songarar, musikarar og forsongarar ad hoc.

[På Familiefokus og Gudstenester for store og små deltek oftast lovsangsteam.](#)

#### E. **Gudstenestestegrupper og gudstenesteverkstad**

1) For hovudgudsteneste (med nattverd) er det **3 faste grupper** som planlegg og gjennomfører 2 gudstenester kvar pr. semester. Hovudansvar er kreativt arbeid med forkynning og forbøn, samt medliturgteneste og alle praktiske funksjonar.

2) I **Familiefokus** er det ei gruppe med barn frå 3.-7.klasse som planlegg og gjennomfører gudstenester med Familiefokus

### Slik er medarbeidarressursane våre involvert i ulike typer gudstenester:

Gudstenestetype	Involverte medarbeidarar
Familiefokus	Familiefokusutvalget + elever 3-7.kl + ministrantar 1-2.kl.
<a href="#">Gudsteneste for store og små</a>	<a href="#">Gudstenestegruppe 3, og/eller trusopplæringsstab</a>
Alle gudstenester med trusopplæring	Trusopplæringsdeltakarar, og ofte konfirmantar
Dåpsgudstenester	Dåpsfamiliar og konfirmantar
Kveldsgudstenester	Inviterte gjester og grupper. Bønnevandringsansvarlege

Gudstenester med nattverd	Gudstenestegruppe og av og til konfirmantar
Høgtidsgudstenester og ferie	Stab og tenestefunksjonar
Sundagstreff	Diakon og frivillige medarbeidarar

Det er eit kontinuerleg ønskje å vera FLEIRE SAMAN om å feira gudsteneste!

## V Handlingsplan

Handlingsplan for perioden 2020-2023:

Tiltak å utvikla	Ansvar og tid
Rytme omlag annakvar veke på familieretta gudstenester (Familiefokus, trusopplæring og gudstenestegruppe 3)	Sokneprest, stab og grupper, i semesterplan
Utvikla ordninga med forsongarar og 2 lovsongsteam som supplerer orgel. Halda variert instrumentering og musikk både over tid og i enkeltgudstenester	Organist og lovsongsleiar
Fornya lokal grunnordning og liturgisk musikk i dialog med justert ordning for hovudgudsteneste (KM 05/19)	GU og BSR. Frå 1.sundag i advent 2020. Vedtak etter årsmøte 2021
Involvera fleire personar på teknikk og produksjon av lyd, bilde og filming	Teknikarkompaniet
Vurdera gode, forståelege namn på ulike gudstenestetypar	GU og grupper
Utvikla bønnevandringar slik at dei er tilgjengelege for bønn og forbønn både før, under og etter gudsteneste. Fast oppstilling nedst til venstre.	Bønnestasjonsansvarlege, klokkar og kyrkjevert.
Utarbeida semesterliste med mest relevante gudstenester for konfirmantar. På desse melder konfirmantar seg for konfirmantvert i våpenhuset.	Sokneprest og kateket. Ny tenestefunksjon 2021
Fortsetja med å bruka konfirmantar som ressursar og involvera ungdomsarbeidet UngFokus i gudsteneste	Prest, kateket og prosjektleiar. Årleg
Arbeida kontinuerleg med det sosiale og innhaldsmessige for å gje låg terskel og kjensle av at «Det er her me vil vera på sundag!»	Alle medarbeidarar og alle gudstenestedeltakarar.
Gjera gudstenesta meir relevant for barn i tweensfase, ved vaksenorganisert aktivitet under / etter gudstenesta	Foreldreorganisert på enkelte gudstenester.

## VI Grunnordningane våre, i tabellformat

Første tabell viser hovedvalga vår til lokal grunnordning, basert på hovudgudsteneste med nattverd. Dei andre gudstenesteordningane er sett opp i samanstillt tabell, med forkortingar basert på valga i første tabell.

\* markerer at kyrkjelyden normalt står.

## Gudsteneste med nattverd:

Gudstenesteledd	Vedtak / kommentar	Avgjerds-ansvar
<b>I SAMLING</b>		
1 Førebuing	Bønnesamling kl.10.30. Øving avslutta 10.45. Det kan vera stille eller musikk og/eller aktuelle kunngjeringar på prosjektor	Sokneråd Liturg
Informasjon, 3 klokkeslag	Klokkar/ <a href="#">medliturg</a> ønskjer velkommen og informerer om gudstenesta	
*2 Inngangssalme	Prosesjon <a href="#">ved dåp, konfirmasjon og enkelte gonger med barn og ved høgtid.</a>	Liturg
*3 Helsing	<a href="#">Normalt første</a> alternativ: "Kjære kyrkjelyd. Nåde vere med dykk..."	Liturg
4 Samlingsbøn	Prioriterte alternativ: Nr. 2, 9 eller 3	SR/Liturg / ML
5 Syndsvedkjenning	Prioriterte alternativ: A eller D	SR/Liturg
6 Bønerop Kyrie	<a href="#">976.2 (Hovland) eller Allmenn serie 2 (rytmisk) eller 981 (høgtid)</a>	SR/ Organist/ Liturg
7 Lovsong Gloria	<a href="#">Allmenn serie 1 (1977) 1A eller Allmenn serie 2 (rytmisk)</a> Kortform er normalen. Enkelte gonger utvida lovsong eller 1 ekstra lovsong	
Jungelgjeng	Det er ønskeleg med Jungelgjeng/sundagsskule alltid, evt. eit opplegg for barna	Trus- opplærar
8 Dagens bøn	<a href="#">Kan utelatast. Liturg vurderer om leseledd eller messeledd</a>	SR/Liturg
<b>II ORDET</b>		
9 Første lesinga (GT)		
10 Bibelsk salme /salme	Enkelte gonger (bibelsk) salme eller musikk/stille	Org. / liturg
11 Andre lesinga (NT)		
*12 Evangelium – blir innleidd og avslutta med hallelujaomkved eller kort salme	Innleiing: Musikk/ salme/ Halleluja-omkved ( <a href="#">Val av fast omkved?</a> ) Leseform og –stad alt. 1: Evangelielesing frå lesepult Leseform og –stad alt. 2: Evangelieprosesjon til midtgangen ( <a href="#">Enkelte gonger i høgtid og med barn/unge som ministrantar</a> ) Leseform og –stad alt. 3: Evangelielesing frå preikestolen ( <a href="#">Enkelte dagar når preika innleiest med drama eller annan intro</a> )	SR/ Organist  Liturg
13 Preike		
*14 Truvedkjenning credo	Den apostoliske. Nicenum på høgtidsdagar.	SR/Liturg
15 Salme	Salme eller solosong, <a href="#">eventuelt før truvedkjenning enkelte gonger</a>	Org. / liturg
16 Kunngjeringar	Stad for presentasjonar, info om neste veke, utdelingar og evt. musikk/songinnslag	
17 Syndsvedkjenning	Sjeldne gonger plassert her – ikkje på punkt 5 - ut frå dagen sin karakter / tema	Liturg
18 Forbøn for kyrkja og verda	Det er ønskeleg å variera modellar for forbøn og ansvarlege for framføring. Litani kan brukast enkelte dagar. <a href="#">Normalbøn for hovudgudsteneste i Bryne kyrkje er forbøn 3. Vanlegvis vert bøna leia av medliturg.</a>	SR/Liturg
Kyrkjelydssvar	Ein viss variasjon er ønskeleg. Normalvariant: Kleive	SR/ liturg
19 Takkoffer frå kyrkjelyd	Vanlegvis plassert her. Innsamla i benkene <a href="#">og på VIPPS</a> . Musikk	SR/liturg
<b>III NATTVERD</b>		
20 Førebuing av måltidet	Salme før nattverd er normalordning	Liturg
*21 Takkseiing og bøn	Nattverdbøn: Prioriterte alternativ er A og D. Fast bruk av "Mysteriet i trua...". "Vår Far" som Herrens bøn Sanctus: <a href="#">Henning Sommerro eller Allmenn serie 2 (rytmisk)</a>	Liturg SR SR
*22 Nattverdsmåltidet	<a href="#">Fredshelsing: Fortsetja som normalordning? Sløyfast (i smitteverntider?)?</a> Agnus Dei: <a href="#">Allmenn serie 2 (rytmisk)</a> Utdelingsord: "Kristi kropp gjeven for deg. Kristi blod <a href="#">gjeve</a> for deg." Både knela ved altar og intinksjon ved inngangsdør. Musikk og/eller salmar under måltidet. Det kan vera bønnevandring parallelt	SR SR
23 Avslutning av måltidet	Takkebøner kan varierast. Bøn for lappar i bønnekrukka kan leggjast til.	Liturg
<b>IV SENDING</b>		
*24 Salme	<a href="#">Kan flyttast til postludium</a>	Org./liturg
*25 Velsigning	<a href="#">Benedicamus er</a> normalhelsing: "Lat oss prisja Herren m. Gud vere lova..."	Liturg/org.
26 Utsending	Vanlegvis etter postludium der folk sit ned	Liturg
27 Postludium / utgangssalme	Utgangsprosesjon og evt. utgangssalme bare på særskilte dagar.	

## Samandrag: Lokal grunnordning i alle gudstenestetypar i Bryne kyrkje

Gudstenesteledd	Gudsteneste m nattv	Gudsteneste m dåp	Gudsteneste for store og små
<b>I SAMLING</b>			
1 Førebuing	Bønnesamling kl.10.30. Øving avslutta 10.45. Det kan vera stille eller musikk og/eller aktuelle kunngjeringar på prosjektor		
Informasjon, 3 klokkeslag	Klokkar/ <a href="#">medliturg</a> ønskjer velkommen og informerer om gudstenesta		
*2 Inngangssalme	Av og til: Prosesjon	Dåpsprosesjon	Dåpsprosesjon, <a href="#">elles enkelte gonger</a>
*3 Helsing	<a href="#">Normalt første alternativ: "Kjære kyrkjelyd. Nåde vere med dykk..."</a>		
4 Samlingsbøn	Prioritert alt: 2, <a href="#">9</a> el <a href="#">3</a>	Prioritert alt: 2 eller 6	Prioritert alt: 7 el 5
5 Syndsvedkjenning*	Prioritert alt: A eller <a href="#">D</a>	<a href="#">Kan koma i punkt 17</a>	<a href="#">Kan koma i punkt 17</a>
6 Bønerop Kyrie	<a href="#">976.2 el. Allmenn 2</a>	<a href="#">976.2 el. Allmenn 2</a>	<a href="#">Martin Alfsen eller Allmenn 2</a>
7 Lovsong Gloria	Allmenn 1A eller 2 Evt. + lovsang	Allmenn 1A eller 2 Evt. + lovsang	Allmenn 1C Måne og sol eller Allmenn 2 eller Nos 243 Gud skapte lyset
Dåp	Av og til	Ja	Ganske ofte
Jungelgjeng	Ja	Ja	Nei ved trusopplæring, ja ved gudstgr.3
8 Dagens bøn	<a href="#">Ofte</a>	<a href="#">Ofte</a>	Sjeldan
<b>II ORDET</b>			
9 Første lesinga (GT)	Ja	Ofte	Sjeldan
10 Bibelsk salme /salme	Enkelte gonger (bibelsk) salme el. musikk/stille		Nei
11 Andre lesinga (NT)	Ja	Ofte	Sjeldan. Oftare: Skattkiste/drama/sang
*12 Evangelium – blir innleidd og avslutta med hallelujaomkved eller kort salme	Innleiing: Musikk/ salme/ Halleluja-omkved Leseform og –stad alt. 1: Evangelieleasing frå lesepult Leseform og –stad alt. 2: Evangelieprosesjon til midtgangen ( <a href="#">Enkelte gonger i høgtid og med barn/unge som ministrantar</a> ) Leseform og –stad alt. 3: Evangelieleasing frå preikestolen ( <a href="#">Enkelte dagar når preika innleiest med drama eller annan intro</a> )		
13 Preike			
*14 Truvedkjenning credo	Ja, apostolisk Nicenum i høgtid	Nei (ved dåp)	Nei, dersom det er dåp
15 Salme	Salme eller solosang / lovsongsteam		
16 Kunngjeringar	Stad for presentasjonar, info om neste veke, utdelingar og evt. musikk/songinnslag		
17 Syndsvedkjenning	Vanlegvis på pkt 5	<a href="#">Prioritert alt: C eller B</a>	<a href="#">Prioritert alternativ: C</a>
18 Forbøn for kyrkja og verda	Variasjon i modellar. Gudstenestegruppe	Variasjon i modellar. Normalt: Forbøn 4	<a href="#">Enkel. Forbøn 4 eller salme eller gudstenestegruppe</a>
Kyrkjelydssvar	Noko variasjon. Normalalt: Kleive	Noko variasjon. Normalalt: Kleive	<a href="#">Mindre brukt og med variasjon</a>
19 Takkoffer frå kyrkjelyden	Innsamla. Musikk	I korg ved altaret	<a href="#">Rundt altaret ved dåp, elles innsamla</a>
<b>III NATTVERD</b>			
20 Førebuing av måltidet	Salme	Salme	Salme
*21 Takkseiing og bøn	Nattverdbøn Pri A el. D Vår Far Sanctus: <a href="#">H. Sommerro eller Allmenn 2</a>	Nattverdbøn prioritert: Alt.F eller Alt.E	Nattverdbøn <a href="#">F for særskilte høve</a> eller E Sanctus: N. Prince S97 nr.163 eller <a href="#">Allmenn 2</a>
*22 Nattverdsmåltidet	<a href="#">Fredshelsing?</a> Agnus Dei: <a href="#">Allmenn 2</a> Musikk/salme	<a href="#">Ikkje fredshels v dåp</a>  Musikk/salme	Ikkje fredshelsing  Musikk/salme/bønevandring
23 Avslutning av måltidet	Takkebøn/bønekrukke	Takkebøn/bønekrukke	Takkebøn kan sløyfast. Bønekrukke
<b>IV SENDING</b>			
*24 Salme	<a href="#">Kan flyttast til postludium</a>		
*25 Velsigning	Aronittisk m. "Lat oss"	Aronittisk	<a href="#">Aronittisk utan liturgi først, eller sang</a>
26 Utsending	Vanlegvis etter postludium der folk sit ned		
27 Postludium / utgangssalme	Utgangsprosesjon og evt. utgangssalme bare særskilte dagar. Ikkje prosesjon i gudst m dåp		



## Samandrag: Lokal grunnordning i andre gudstenestetypar i Bryne kyrkje.

Hovudgudsteneste, kveldsgudsteneste og ikkje-forordna gudstenester til samanlikning og informasjon.

Gudstenesteledd	Hovudgudsteneste Nattv	Kveldsgudsteneste	Familiefokus
<b>I SAMLING</b>			
1 Førebuing	Bønnesamling kl.10.30. Øving avslutta 10.45. Det kan vera stille eller musikk og/eller aktuelle kunngjeringar på prosjektor		Klokkeringing ved ministrant
Informasjon, 3 klokkeslag	Klokkar/ <a href="#">medliturg</a> ønskjer velkommen og informerer om gudstena		
*2 Inngangssalme	Av og til: Prosjesjon	Musikk, ikkje prosjesjon	
*3 Helsing	<a href="#">Normalt</a> første alternativ: "Kjære kyrkjelyd. Nåde vere med dykk..."		
4 Samlingsbøn	Prioritert alt: 2, 9 el 3	2, 3 el. 9 variert etter tema	Lystenning i den tre-einige Guds namn og samlingsbøn
5 Syndsvedkjenning*	Prioritert alt: A eller D	Prioritert alt: A eller D	Under forbøn eller kyrie
6 Bønerop Kyrie	<a href="#">976.2</a> eller <a href="#">Allmenn 2</a>	Variert. Gjerne 976.4 Ukraina	<a href="#">Martin Alfsen</a>
7 Lovsong Gloria	<a href="#">Allmenn 1A</a> eller 2 <a href="#">Evt. + lovsang</a>	Variert. Taize	<a href="#">Allmenn 1C Måne og sol</a> eller <a href="#">243. Evt. + song</a>
Dåp	Av og til	Nei	Nei
Jungelgjeng	Ja	Nei	Nei
8 Dagens bøn	<a href="#">Ofte</a>	Nei	Nei
<b>II ORDET</b>		Tema gir struktur.	Skattkiste!
9 Første lesinga (GT)	Ja	Vanleg: Intro – føredrag - musikk	Nei
10 Bibelsk salme /salme	Av og til		<a href="#">Bli med inn i Bibelen. Dans</a>
11 Andre lesinga (NT)	Ja		Evangelieleasing (Med bildepresentasjon)
*12 Evangelium – blir innleidd og avslutta med hallelujaomkved eller kort salme	Variert form og stad, kan vera prosjesjon	Variert form og stad, Treng ikkje følgja kyrkjeåret.	Kan vera salme/solo før preike
13 Preike	Ja	Tekstmed ved allmenne tema	<a href="#">Tema (via Sprell levende)</a>
*14 Truvedkjenning credo	Ja, apostolisk Nicenum i høgtid	Ja. Apostolisk plassert her.	<a href="#">I form av Måne og sol. Pkt.7</a>
15 Salme	Salme eller solosang		
16 Kunngjeringar	Stad for presentasjonar, info om neste veke, utdelingar og evt. musikk/songinnslag		
17 Syndsvedkjenning	Vanlegvis på pkt 5	Nei (bare sjeldan)	<a href="#">Prioritert alt: C eller på kyrie</a>
18 Forbøn for kyrkja og verda	Variasjon i modellar. Gudstenestegruppe	Vanlegvis vil forbøna skje som vandring på stasjonar under nattverdfeiringa	Normalt er det bønnevandring under nattverd
Kyrkjelydssvar	Noko variasjon. Normalalt: Kleive		
19 Takkoffer frå kyrkjelyden	Innsamla. Musikk	Innsamla. Musikk	Under bønnevandring
<b>NATTVERD</b>		Ja	Ja
20 Førebuing av måltidet	Salme	Salme	Synleg. Ministrantar
*21 Takkseiing og bøn	Nattvbøn Pri A el. D Vår Far Sanctus: <a href="#">H. Sommerro</a> eller <a href="#">Allmenn 2</a>	Nattvbøn Pri A el. D Vår Far Sanctus: <a href="#">H. Sommerro</a> eller <a href="#">Allmenn 2</a>	Nattverdbøn <i>F for særskilte høve</i> eller E Sanctus: N. Prince S97 nr.163 eller <a href="#">Allmenn 2</a>
*22 Nattverdsmåltidet	<a href="#">Fredshelsing?</a> Agnus Dei: <a href="#">Allmenn 2</a> Musikk/salme	<a href="#">Fredshelsing?</a> Agnus Dei: <a href="#">Allmenn 2</a> Musikk/salme	Ikkje fredshelsing. Kun intinksjon. «Dette er...» Musikk/salme/bønnevandr
23 Avslutning av måltidet	Takkebøn og bønnekrukke	Takkebønn og bønnekrukke	Takkebøn kan sløyfast
<b>IV SENDING</b>			
*24 Salme	Kan flyttast til postludium		
25 Velsigning	Aronittisk med "Lat oss..."	Aronittisk utan liturgi først	Aronittisk el sang
26 Utsending	Vanlegvis etter postludium der folk sit ned		
27 Postludium / utgangssalme	Orgel – evt. musikarar	Musikarar	Musikarar

## VII Framdrift og veg mot innføring og vedtak.

### A. Framdriftsplan

7.mai 2020	Soknerådet vedtek strategiplan for 2020-2023, inklusiv kapitlet Gudsteneste. Sokneprest får klarsignal til å utarbeida eit forslag til innarbeiding av ny hovudgudsteneste. Forslaget baserer seg på å revidera gjeldande visjonsdokument for gudstenesteliv.
18.mai 2020	Organist får forslaget/dokumentet til gjennomsyn og samtale
26.mai 2020	Kveldsgudstenestekomiteen, som utgjer ein del av gudstenesteutvalget, får dokumentet til gjennomsyn og første samtale.
Juni 2020	Stab, sokneråd og familiefokusutvalg får dokumentet med tanke på å ha god tid på seg til setja seg inn i ressursar og ordningar (under).
Juni 2020	Organist, kyrkjelydsutviklar, lovsangsteam og andre musikkressursar får dokumentet for å arbeida konkret med utprøving og val innanfor og evt. utanfor den godkjende liturgiske musikken.
August 2020	Gudstenesteboka føreligg i bokform og skal bestillast til altar, til klokkar/medliturg og til orgel
Sept. 2020	Møte i gudstenesteutvalget om lokal grunnordning
Sep/okt 2020	Open kyrkjesamling om gudstenestetypar, og om orda og musikken i den nye ordninga for gudsteneste
Okt/nov 2020	Stab og sokneråd samlar trådane og gjev retning mot innføring. Noko samordning og samarbeid mellom sokna i Time? Foreløpig vedtak om ny hovudgudsteneste i soknerådet. Oppsett plan for utprøving av musikk i gudsteneste fram mot mars 2021.
2.sundag i Advent 2020	Ny hovudgudsteneste teken i bruk i Bryne kyrkje kl.11. Ekstra musikalske ressursar.
Des 2020 - mars 2021	Utprøving av liturgisk musikk i gudsteneste. Open kyrkjekveld med alle aktuelle ordningar?
Årsmøte mars 2021	Kyrkjelydsmøte på forslaget til Lokal grunnordning – og respons på bruk og val av liturgisk musikk.
April 2021	Soknerådet gjer endeleg vedtak om Lokal grunnordning. Vedtaket blir sendt til prost og biskop. Til orientering om det ligg innanfor gjeldande ordningar. Som søknad om noko ligg utanfor eller kjem i tillegg.

## B. Ressursar og ordningar

Desse er viktige for å vurdere innhaldet i forslaga slik dei står i skjema, og for å henta inspirasjon og idear som bør vurderast.

- Ordning for hovudgudsteneste  
[https://kirken.no/globalassets/kirken.no/om-troen/gudstjeneste---liturgi/gudst\\_2020\\_ordning\\_for\\_hovudgudsteneste\\_nynorsk.pdf](https://kirken.no/globalassets/kirken.no/om-troen/gudstjeneste---liturgi/gudst_2020_ordning_for_hovudgudsteneste_nynorsk.pdf)
- Allmenne føresegner for Ordning for hovudgudsteneste  
[https://kirken.no/globalassets/kirken.no/om-troen/gudstjeneste---liturgi/gudst\\_2020\\_alm.foresegn\\_hovudgudst\\_nynorsk.pdf](https://kirken.no/globalassets/kirken.no/om-troen/gudstjeneste---liturgi/gudst_2020_alm.foresegn_hovudgudst_nynorsk.pdf)
- Samlingsbøner  
[https://kirken.no/globalassets/kirken.no/om-troen/gudstjeneste---liturgi/gudst\\_2020\\_samlingsboner\\_nynorsk.pdf](https://kirken.no/globalassets/kirken.no/om-troen/gudstjeneste---liturgi/gudst_2020_samlingsboner_nynorsk.pdf)
- Forbøner  
[https://kirken.no/globalassets/kirken.no/om-troen/gudstjeneste---liturgi/gudst\\_2020\\_forboner\\_nynorsk.pdf](https://kirken.no/globalassets/kirken.no/om-troen/gudstjeneste---liturgi/gudst_2020_forboner_nynorsk.pdf)

### Til inspirasjon og idear:

(Både gudstenesteforståing og konkrete tips og drøftingar om aktuelle val i gudstenestearbeidet)

- Gudstenesta: Heilag handling, heilag tid, heilagt rom  
[https://kirken.no/globalassets/kirken.no/om-troen/gudstjeneste---liturgi/gudst\\_2020\\_heilag\\_handling\\_heilag\\_tid\\_heilagt\\_rom.pdf](https://kirken.no/globalassets/kirken.no/om-troen/gudstjeneste---liturgi/gudst_2020_heilag_handling_heilag_tid_heilagt_rom.pdf)
- Veiledning om ulike sider av gudstjenesten  
[https://kirken.no/globalassets/kirken.no/om-troen/gudstjeneste---liturgi/gudst\\_2020\\_veiledn\\_ulike\\_sider\\_gudstj\\_bokmaal.pdf](https://kirken.no/globalassets/kirken.no/om-troen/gudstjeneste---liturgi/gudst_2020_veiledn_ulike_sider_gudstj_bokmaal.pdf)
- Veiledning til hovuddelene i gudstjenesten  
[https://kirken.no/globalassets/kirken.no/om-troen/gudstjeneste---liturgi/gudst\\_2020\\_veiledn\\_til\\_hovuddelene.pdf](https://kirken.no/globalassets/kirken.no/om-troen/gudstjeneste---liturgi/gudst_2020_veiledn_til_hovuddelene.pdf)

## C. Særleg om val og vedtak på liturgisk musikk

Soknerådet sitt ansvarsområde på liturgisk musikk er sett opp slik:

- val av godkjende serier med liturgisk musikk til desse ledda:
  - Bønerop (Kyrie),
  - Lovsong (Gloria),
  - Halleluja (ledd 12),
  - Truvedkjenning (Credo),
  - Kyrkjelydssvar (Forbøn),
  - Helsing (Prefasjonsdialog),
  - Heilag (Sanctus),
  - Fadervår,
  - Du Guds Lam (Agnus Dei),
  - Velsigning

Det er ei prioritert oppgåve å gå gjennom og gjera val på dette nå. Sist gong kyrkjelyden gjorde det var i forkant av Innføring av Gudsteneste 2011. Biskopen ønskte oss som prøvekyrkjelyd. Det betyr at me prøvde ut og gjorde valg på musikk som seinare ikkje var blant den anbefalte og godkjende musikken i Den norske kyrkja.

For at Soknerådet og kyrkjelyden nå skal gjera godt begrunna val på slitesterk liturgisk musikk, bør den godkjente musikken med alternativ presenterast både på eiga samling og undervegs i gudsteneste.

I skjemaoversikten for ulike gudstenestetypar er det sett opp valg av musikk som ligg innanfor dei godkjende ordningane. Unntak er Martin Alfsen sitt kyrie og Nolence Prince sin Sanctus til enkelte gudstenestetypar.

Slik dette nå står i forslaget, betyr det at Bryne kyrkjelyd seier ein varm takk for fylgjet gjennom atskillige år med gudstenestefornyng,

- til Tore Aas sitt kyrie (som det er ei stund sidan me brukte),
- til Magnus Beite sin Gloria (den med klapping), som har vore mykje brukt til barn/ungdom/konfirmasjon/julaften, og som nå er omarbeidd til Allmenn 2.
- til Henning Sommerro sin nattverdusikk til Agnus Dei, som me nå er temmeleg åleine igjen med å bruka i Den norske kyrkja.

Kyrkjelydssamlinga om liturgisk musikk 21.oktober viste at kyrkjelyden er svært glad i Henning Sommerro sin Sanctus, som var alternativ då biskopen bad Bryne om å vera prøvekyrkjelyd i 2011. Denne Sanctusmusikken gjev eit stort musikalsk løft inn i nattverdfearinga, og bruken er applaudert av Sommerro.

Musikalske valg krev god utprøving og involvering for å gjera dei beste valga, slik at me liknar godt på resten av kyrkja vår, og er inspirerte av det som er våre val.

## D. Andre val:

Dei fleste er ivaretekne i form av skjemaoversiktane og tidlegare vedtak i Soknerådet.

**Er det nokre som trengs i tillegg? Eller treng revurderast?**

## E. Samla oversikt over soknerådet sitt ansvarsområde.

Det er særleg kapittel C i Allmenne føresegner (sjå lenke over) som fastset soknerådet sitt ansvar for å fastsetja Lokal grunnordning. Her er kopi av pkt.64, som fastset kva spørsmål soknerådet tek avgjerd i (ein del av dette ligg inne som forslag over, i høgre kolonne i det første skjemaet for gudsteneste med nattverd).

I desse spørsmåla er det soknerådet som tek avgjerd:

(Ledd i Ordning for hovudgudsteneste = HG, Ordning for Dåp = D, punkt i Allmenne føresegner for hovudgudsteneste = pkt., og Allmenne føresegner for dåp = D pkt., Kyrkjelova = Kl.)

- utforming av førebuingdelen til gudstenesta (HG ledd 1)
- kva samlingsbøner som skal brukast til kva type gudsteneste (HG ledd 4)
- bruk av dåpslys (D III)
- når i gudstenesta det fulle namnet til dåpsbarnet/dåpskandidaten skal nemnast (HG ledd 1, 16 og D I)
- plassering og val av syndsvedkjenning(ar) til kva type hovudgudsteneste (HG ledd 5 eller 17)
- val av variantar av Kyrie og Gloria (HG ledd 6 og 7)
- bruk av ulike litani (HG ledd 6 og 18)
- om og eventuelt når ein skal bruka Dagens bøn (HG ledd 8)
- kor mange tekstlesingar det skal vera i dei ulike typane hovudgudstenester (HG ledd 9–11)
- bruk av den apostoliske og/eller den nikenske truveidkjenninga ved høgtider og andre gudstenester (HG ledd 14)
- om det skal vera kunngjeringar i gudstenesta – i byrjinga av forbønsdelen eller ein annan stad (HG ledd 16)
- kvar ein skal plassera eventuelle vitnemål, helsingar og forbønsønske
- val av forbøner og kyrkjelydssvar (HG ledd 18)
- om ein skal bruka ordninga med å minnast dei døde og be for dei sørgjande etter forbøna (HG ledd 18)
- plassering og måtar å samla inn takkofferet på (HG ledd 19, 20 eller 27)
- val av offerformål (kl § 9 tredje ledd)
- frambering av nattverdsgåvene (HG ledd 20)
- val av druevin, kvit eller raud, avalkoholisert eller alkoholhaldig (pkt. 34)
- bruk av syra eller usyra brød eller oblatar (pkt. 33)
- utdelingsstad ved nattverden (ved altarringen eller ein annan stad i kyrkjerommet) (pkt. 35, HG ledd 21)
- utdelingsform ved nattverden (pkt. 35, HG ledd 22)
- tekstform i Fadervår (HG ledd 21)
- bruk av den andre delen i Fredshelsing (HG ledd 22)
- bruk av kyrkjeklokkene (pkt. 50)
- val av godkjende serier med liturgisk musikk til desse ledda: Bønerop (Kyrie), Lovsong (Gloria), Halleluja (ledd 12), Truveidkjenning (Credo), Kyrkjelydssvar (Forbøn), Helsing (Prefasjonsdialog), Heilag (Sanctus), Fadervår, Du Guds Lam (Agnus Dei), Velsigning
- om truveidkjenninga skal lesast og/eller syngjast
- om Fadervår skal lesast og/eller syngjast